



DEN NORSKE KYRKJA

«Soa_adr3» biskop

Helse og omsorgsdepartementet

Dato: 08.01.2013

Vår ref: 12/349-2 LAOE

Dykkar ref:

Høyring bioteknologilova og presisering av straffeansvaret, med meir.

Björgvin biskop meiner at straffeansvaret her ikkje bør svekkast. Poenget med eit straffeansvar i denne samanhengen, er ikkje først og fremst kor mange rettssaker med fellande dom ein kan oppnå, men det faktum at ein paragraf med eit straffeansvar har ein haldningsskapande effekt.

Lovendringa som skal frita privatpersonar straffeansvar, til dømes ved surrogati eller ulovlege former for preimplantasjonsdiagnostikk, kan oppfattast som eit steg på vegen mot meir liberalisering. At norsk lov skal leggja til rette for at privatpersonar kan gjera seg nytte av eksempelvis surrogatmødre i andre land utan at det skal ha konsekvensar, men ha eit forbod mot det same på heimebane synes å vera inkonsekvant.

Björgvin biskop støttar Bioteknologinemda sitt syn på behovet for regelmessig tilsyn av eventuelle brot på straffeansvaret ifølgje § 7 -5, ettersom Helsedirektoratet også i eigen rapport har oppdaga at brot på dette ansvaret ikkje alltid vert følgt opp.

Bioteknologilova er under sterkt press. Dette presset kjem til dømes frå tunge fagmiljø, som står midt i ein genetisk forskingsrevolusjon eller frå enkelte interessegrupper som vil gjera surrogati lovleg. Dette er døme som synleggjer eit stort behov for etisk refleksjon – og ikkje minst eit behov for å bruka bremsene og ikkje berre gasspedalen.

Det er ikkje gitt at forkunnskap om sannsynleggjering av disposisjon for «alvorleg sjukdom» berre er av det gode. Ny kunnskap kan tvert imot skapa fleire problem enn dei løyser. Meir kunnskap om moglege sjukdomsutvikling i kombinasjon med manglande vilje til å definera kva ein eigentleg meiner med «alvorleg sjukdom» fører til eit sterkare press i retning av meir seleksjon og meir reindyrking av såkalla friske individ. Det bør absolutt ikkje setjast likskapstekk mellom tekniske nyoppdagingar og bruken desse. Ikkje all bruk er rett bruk, sjølv om det er teknisk moglege. Så fort som forskinga på dette feltet går i dag, er det desto meir behov for etisk refleksjon.

Björgvin biskop opplever at det er behov for på nytt å minna om formålet i bioteknologilova som seier at denne skal leggja til rette for medisinsk bruk av bioteknologi «*til beste for mennesker i et samfunn der det er plass til alle.*» Forskinga på dette feltet kan tvert imot truga dette prinsippet, fordi avsløring av potensielt svake

arveanlegg eller andre avvik på eit tidleg stadium, fort fører til seleksjon. Dette er i så fall ein trussel både mot menneskeverdet, mot menneskerettane og kan vera diskriminerande.

Med helsing

Halvor Nordhaug
biskop

Leif Arne Økland
rådgjevar
Direkte innval: 55 30 64 92